

**30. august 2020**  
**Nyopning i Gjesdal kyrkje**  
**Matt 25,14-30**

Mange seier dei ikkje får til å tru. Dei tenkjer på gåtefulle ord og prøver å forstå mest mogleg. Jesus viser oss ei anna side ved det å tru: Me skal vera tru. Det handlar om å vera trufast. Korleis tek me vare på alt det Gud har gjeve oss? Det underlege er at me tek best vare på Guds gåver når me gjev dei vidare. Ikkje når me samlar og samlar og prøver å halda fast på, men når me deler rettferdig og gjev raust. Tru er å ta vare på ved å gje vidare.

Me kan gå inn i temaet forvaltning frå mange kantar. I likninga me las handlar det om tenarar som får ein pengesum kvar. Korleis me forvaltar pengar, vert lett eit pinleg samtaleemne, og er ugreitt som tema frå preikestolen. Me veit at nokon har høg inntekt, nokon har fått ein stor arv, og nokon er minstepensjonistar. Det er ikkje lett å snakka om forvaltning av pengar, utan å verta for skarp i kantane, for lovisk.

I tradisjonen har denne likninga blitt ei forteljing om å forvalta sine evner, derav ordet «talentar». Me er utrusta forskjellig. I Gudsriket er ingen til overs. Alle har fått noko dei kan bidra med. Der kor kyrkja veks, er det ofte eit klart fokus på at alle har sine nådegåver, og er kalla til å bruka dei.

Livet med stor L er den gåva me alle har fått. Då handlar det kan henda om å ikkje spara seg, når livet krev mykje. «Ingen av oss skal døy utkvilt», heiter det. Eg ser ennå for meg ei jente med stortromme i skuleorkesteret i ein bydel i Durban. Dei spelte for sine norske gjester. Då losna skjørtet ho hadde rundt livet. Men ho mista ikkje rytmen eit sekund. Ho heldt skjørtet oppe med eine handa og slo på tromma med den andre. Ho ga ikkje opp, tvert om, ho ga alt. Slik vil eg også leva.

I visjonen for Gjesdal kyrkjelyd les eg at de vil fylgja Jesus ved å «Forkynna ei tydeleg og trygg tru på Jesus til barn, unge og vaksne – gjennom trusopplæring, gudstenester og misjon.» Ombygginga som har skjedd i kyrkja her er heilt i tråd med den visjonen. Rommet er ein del av forkynninga, og det er strategisk lurt å gje det merksemd. Eit gudshus er ein ressurs de skal forvalta med respekt. Her er det gjort så varsamt og vakkert. Gratulerer! De har praktisert det som rådgjevarane på kontoret har kalla «Sansen for det hellige» i ei bok som kom i 2018.

I dag vil eg peika på at evangeliet er ei gåve me har fått, og som me skal stå til rekneskap for. Det «glade» ordet handlar om at Gud elsker kvart menneskeliv

så høgt at han ga Sonen sin for at ingen skal gå fortapt, men ha evig liv. Me kjenner orda så godt at me nesten gløymer kor mykje kraft evangeliet har. Får Guds ord tala slik at det gjer inntrykk på deg? Då Martin Luther fornya kyrkja ga han lekfolk tillit: Ein husfar kan samla alle til lesing og andakt. Kanskje nokon ennå har minne om besteforeldre som las ordet til frukost? I kloster og kommunitetar slår ein konstant puls av bibellesing, og tidebøner, morgon, middag, kveld, natt. I vår moderne tid er alt så veldig opp til den enkelte. Kan henda trur me det gjev større fridom, men sanninga er at det krev meir av oss. Guds ord er dynamisk, levande, noko som verkar på og i oss. Då kan ord forandra livet til det betre. Me oppdagar oss sjølv og verda i lys av det Gud vil. Å lesa i bibelen er ikkje noko me gjer berre for vår eigen del. Verda omkring oss treng evangeliet, denne positive krafta, som er så tilgjengeleg, så jordnær. Biblar finst det nok av hos oss.

Inkarnasjonen, at Gud vart menneske, tyder at Guds ord talar også inn i vår tid. Ordet er underlagt vitenskapelig analyse, historisk forskning og omsetjingar. Det er ein tett samanheng mellom Ordet og personen Jesus. Evangeliet er levande ord, slik Jesus lever. Me kjem i kontakt med Ordet når me stiller spørsmål, også dei kritiske. Gud krev ikkje underkasting, men inviterer til liv, vekst og mogning. Sjølv når bibelen vert granska, mister ikkje evangeliet si kraft. Tvert om, Ordet veks i djupne, jo meir du lærar og les. Me kan ikkje gå til bibelteksten som om forskinga ikkje finst. Meir enn før treng me teologisk fagkunnskap, så me ikkje vert forført av enkle svar som strid mot det Jesus står for.

Både den spontane og den planmessige bibellesinga er fylt av store løfte. Den som les og som tar verdssituasjonen med inn i teksten, vert ein aktiv del av Guds prosjekt som er frelse for verda. Guds prosjekt stoppar aldri opp. Me lever kanskje travelt og rastlaust, men rett framfor oss finst ein fristad, der me kan vera kreative og skapa noko godt. Ein stad der Gud talar stilt til oss om ein skatt og ei kraft i Ordet. Meir enn før er me aleine når me skal lesa bibelen. Samstundes skjer det ei stille fornying av fellesskapet kring det levande Ordet. «New monasticism» der unge deler husvære og tru er eit eksempel.

Forvaltarsøndagen er ei åtvaring, eit blinkande rødt lys. Me må og skal frykta alt som bind oss og gjer oss mindre enn me er. Den dårlege tenaren var styrt av ei frykt som speglar eit vregjebilete av Gud. Kva slag Gud er det me trur eller ikkje trur på? Stoler me på at Gud er god?

Pengane høyrer med i evangeliet, sjølv om det er vanskeleg å snakka om. I korona-krisa har mellom anna dei amerikanske kyrkjene brukt av eigne middel for å hjelpa og dela ut mat. Dei har snart tømte reservane. Etter krigen fekk mange norske bygder hjelp frå USA. Er me villige til å gje økonomisk hjelp til

systerkyrkjer nå? Fellesskap i kyrkja blir sterkare, og ordet om Jesus når lenger ut, når me deler og alle gjer noko dei kan. Det handlar om tru.

Til leiinga i Gjesdal kommune: Takk for at de satsa og fekk gjort så mykje bra med den vakre Gjesdal-kyrkja! I kulturen vår er det skapt eit skilje mellom verda og kyrkja, mellom verdsleg og kristeleg. Men me har berre eitt liv å forvalta. «*Hos kvar einskild openberrar Anden seg slik at det tener til det gode*», skriv Paulus. Og det gjeld både når me er på jobb og på ferie, når me er i kyrkja og på rådhuset.

Mange seier at dei ikkje fiksar dette med tru – då skal me halde fram evangeliet om at Gud er tru, at det er Guds truskap som tel, og det er nok. Vår jobb er å vera kloke og tru i det me er sett til å forvalta. Ein klok og god forvaltar reknar med Gud. I dag og.

Ære vera Faderen og Sonen og Den heilage ande, ein sann Gud frå eve og til eve. Amen